



Arkivsak-dok. 20/00731-54
Saksbehandler Anne Jorunn Sandøy

Saksgang	Møtedato	
Formannskapet	29.11.2021	PS-89/21
Kommunestyret	16.12.2021	

Saksframlegg

Kva skal kulturhuset heite?

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtar på bakgrunn av juryen si vurdering at det nye namnet til Aukra kulturhus og basseng skal vere «*Falken kulturhus*».

Bakgrunn

Aukra Kulturhus og basseng skal stå ferdig i 2022 og i mars og april 2021 kunne alle sende inn namneforslag gjennom namnekonkurransen som vart utlyst via sosiale media.

Utlysingstekst: «*Aukra kulturhus og basseng skal vere staden der alle kjenner at dei hører til. Namnet må gje eit tydelig signal, ha lokal identitet og vere lett å seie. Alle forslag blir vurdert i ein jury og kommunestyret tek det endelege valet. Svarfrist 1. mai.*

Vurdering

Juryen som legg fram si innstilling har vore kulturavdelinga sine medarbeidarar. 166 svar var sendt inn når fristen gjekk ut 1. mai.

I vurderinga av dei innkomne forslaga har juryen hatt med seg kommunestyret sitt vedtak frå februar 2017, (K-sak 2014/1127 – 25);

Målsetting for Aukra kulturhus og basseng

Aukra kulturhus og basseng skal

- *vere ei storstue for heile kommunen.*
- *vere ein stad for produksjon, aktivitet og oppleveling*
- *vere ein pådrivar i kommunens omdømmebygging*
- *vere med å utvikle kommunen med sine kvalitetar til ein enda betre bukommune for dei som bur her og dei som ynskjer å flytte hit.*
- *legge vekt på estetiske og arkitektoniske kvalitetar når det gjeld byggets eksteriør og interiør.*
- *vere med å bidra til auka handel og næringsverksemd*

- *vere med å gje rom for utvikling og vekst i frivillig sektor.*

*I tillegg har visjonen for huset også vore viktig å ta med i vurderinga;
«Aukra kulturhus og basseng – møtestaden der alle hører til!»*

Våre verdiar i møte med brukarane og gjester

- Alle skal føle seg trygge i vårt hus
- Vi skal gi alle lyst til å komme tilbake
- Alle som utfører tenester opptrer som ambassadørar for huset

Ei ny tid – namn med rom for utvikling

Det har vore brei semje om at det nye kulturhuset med bassenget i sentrum vil gje heile kommunen eit stort løft. Erfaringar frå andre kommunar som får tenestene samla i nye kulturbygg viser at dei opplever ein større vekst enn forventa, både i kulturlivet sin aktivitet og tilbod til publikum. Juryen trur at dette også vil skje i Aukra og val av namn skal derfor symbolisere ei ny tid, med eit nytt namn som også gir rom for utvikling.

KS skriv på sine nettsider at «*Kulturfeltet er en sterk samfunnsressurs og en viktig del av kommunesektorens helhetlige tjeneste- og samfunnsutvikling.*»

Kulturen blir ofte skildra som grunnfjellet og limet i lokalsamfunnet, og kva vi er som individ, korleis vi utviklar oss, og kva vi skaper og har å by på av attraksjonar, aktivitetar, opplevelingar og tilhøyre.

Kulturen minner oss om kvar vi kjem frå og kven vi er. Den gir opplevelingar som knyter mennesker saman i eit identitetsfellesskap. Både kunst og kultur gir grobotn for nyskaping, og kan medverke til at andre samfunnsområde utanfor kultur og kulturnæringsfeltet kan få nye idear til utvikling.

Kulturmiljø er en ressurs i samfunnsutviklingen. Riksantikvaren sitt motto er at «*Fortida gjør framtidens rikere. Kulturminner, kulturmiljøer og landskap i byer og tettsteder forvaltes i et langsiktig perspektiv, og tas i bruk som ressurser og fellesgoder i bærekraftig samfunnsutvikling.*»

Juryen vil med si innstilling til nytt namn oppfordre til å bygge utvikling på historia som ligg bak namnet. Ved å løfte historia vår og gjere den kjent, vil vi også bygge opp under viktig lokal identitet. Namnet viser til falkefangsten på Falkhytten fleire hundre år tilbake i tid. Det kom folk frå andre land og stader til Falkhytten på grunn av verdiane der. Målet er at kulturhuset også skal trekke lokale og eksterne folk til seg på grunn av verdiane som aktivitetane i huset vil skape.

Mange av dei innsendte forslaga gir uttrykk for kreativitet og mangfold. Bidrag har kome frå innbyggjarar i alle aldrar, frå heile kommunen og juryen verdset det store engasjementet.

Det er eitt namn som ikkje uventa har fått mange stemmer. Soltun, Nye Soltun og Kulturhuset Soltun går igjen i namneforsлага. Juryen er samde om at Soltun er eit fint namn som er knytt til den rike og verdifulle historia om samfunnshuset Soltun. Juryen har også følgt byggeprosessen og vektlegg at det nye huset inneheld så mykje meir og vil romme aktivitet langt utover det samfunnshuset gjorde. Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak om målsetting frå 2017, står ønskje om å skape noko nytt sterkare når innstilling til namneval skal gjerast.

I tillegg er det verdt å nemne at i samband med planlegging av innreiing, aktivitet og innhald av dei ulike romma i huset er det tenkt at namnet Soltun skal få sin plass. Dette er under arbeid og blir derfor ikkje utdypa på kva måte det vil bli her.

Juryen si vurdering:

- Aukra har mykje historie å ta vare på og formidle. Juryen ønskjer med namnevalet å bruke eit historisk namn med ei målsetting om å vidareutvikle historia til noko som besøkjande vil finne interessant å vite meir om.
- Namnet fortel om kvifor kommunesentrum i Aukra har fått namnet Falkhytten.
- Namnet vil gi identitet til kommunesentrum, men også gjennom å framheve historia skaper det identitet, stoltheit og tilhør for innbyggjarane.
- Med dette namnet ser juryen eit potensiale for å kunne sette eit sær preg på kulturhuset visuelt.
- Som oppfølging av Masterplan for reiseliv vil vi kunne utvikle kulturhuset til å bli ein naturleg stoppestad for besøkande – og derifrå kunne oppdage/planleggje vidare opphaldet i kommunen vår.
- Juryen ser eit potensiale for å utvikle produkt og opplevelingar basert på namnevalet.
- Ungdommen har allereie tatt i bruk namnet «Falk» om kommunesentrum. Dette blir ei stor brukargruppe i det nye huset no og i framtida.

Vi ønskjer å ta med oss erfaringane der kulturhus er beskrive som ein viktig funksjon i det å utvikle det lokale kulturlivet, som kompetansesenter og samarbeidspartner med lokalt kulturliv, lag og organisasjoner og næringsliv, samt som arrangør av eigne førestillingar. I tillegg har vi tru på at også Aukra med ei satsing på kulturlivet vil vere eit vesentleg bidrag til at sentrum vil få nytt liv og blomstre opp, ikkje berre på dei store festdagane, men gjennom heile året.

Juryen gjorde si utveljing gjennom ei rangering av «topp tre namn». Jurymedlemmane la fram grunngjeving for sine prioriteringar i denne prosessen. Deretter var oppgåva å prioritere eitt av dei valte namna.

No sat juryen att med tre namn;

- Nr. 1 Falken kulturhus
Nr. 2 Aukra kulturhus
Nr. 3 Rokta

Falken Kulturhus blei valt som juryen si innstilling til nytt namn - og juryen var samstemt i valet.

Historia bak namnet

Det er ei spanande historie knytt til namnet Falkhytten. Utdrag er henta frå artikkelen «Falkefangst i verda og på Falkhytten» som vart publisert i Aukra Gjennom tidene i 2019;

«Historia fortel at stader med namnet Falkhytten har det stått falkefangsthytter. Falkefangst er fangst av falk, for dressur til bruk i jakt på fugl og småvilt.

Nøyaktig tidfesting av når namnet er teke i bruk på Aukra er ikkje mogleg. Sokneprest Høyem på Aukra skreiv i 1817 i *Beskrivelse over Bynæssets og Agerøes Prestegjelde*:

"Paa Gossen har fordum været Falke; endu kalles et Sted Norden for Agerøen Kirke Falkhytten." Måten Høyem ordlegge seg på, kan tolkast som at falkefangst har skjedd litt tilbake i tid, og at namnet Falkhytten har blitt brukt ei stund. På eit gammalt kart frå Kartverket frå 1840 finn ein ikkje namnet, men på eit kart over Gossen frå 1870 står det Falkhytten.

Det sokneprest Høyem skriv tidleg på 1800-talet, kan tyde på at namnet er brukt eit stykke tilbake på 1700-talet. Det heng godt saman med perioden ein veit omfattande falkefangst skjedde i Noreg. Ein veit at lisens til falkefangst på Smøla på Nordmøre vart gitt til den nederlandske admiralen Obdam i 1659. Falkefangst på Gossen kan kanskje ha skjedd i same perioden? Namnet Falkhytten på Gossen kan såleis gjerne ha blitt brukt i 300 år.»

Samla oversikt over namneforslag - alfabetisk rekkefølge:

Aukra allbrukskus	Kultursenteret Soltun
Aukra basseng og kulturhus.	Kulturstauå
Aukra Interkulturell Hus	Kultus
Aukra kultur og aktivitetshus	Lilja kulturhus
Aukra Kulturhus	Lokalet
Aukra Kulturhus Basseng	Medvind
Aukra spiren	Midtpunktet
Aukrahuset	Naustet
Aukraringen Kulturhus	Nye Soltun
Aukrin	Nye Soltun kulturhus
Boblå eller Hovedkvartalet	Nye Soltun og Flerbrukskus
Bølgen	Ormen kulturhus
Camilla Wicks hus	PERLA
Camilla Wicks hus - Rotfeste & Samhold	Regntuen
Falk (Kulturhuset Falk)	Ringen
Falken Kulturhus	Ringen Kulturhus
Falkereiret evt berre Reiret.	Rokta
FALKHYTTEN MØTEPLESS	Sluket
Falkhyttrøra Kulturhus	Smørøyet
Flammen kulturhus og svømmehall	Sol
Gosse spiren	Solgård
Gossehuset	Solrik
Gossen badet	Solringen eller Gossetun /Soltun
Gossen Corona kulturhuset	Soltun
Gossen kulturhus	Soltun Bad og Kulturhus
Gossetrøkk	Soltun en plass for alle midt i sola
Gossetun	Soltun fleirbrukskus
Gullbring kulturanlegg	Soltun kulturhus
Gåssehuset	Soltun kulturhus og Basseng
Havblikk	Soltun kulturhus og svømmebasseng.
Horisont	Soltun Kultursenter. Bassengdelen eget navn: Aukrabadet.
Huset	Soltun kulturstue
Huset vårt- eit rom for alle	Soltun samfunnshus og Basseng
Hvilehus	Storeegga
Julgossen Kulturhus	Stormen
Kjernen	Storstauå
Kokkeluren kulturhus og basseng	Storstauå Soltun
KulturBadet	Top notch kulturhus
Kulturfalken	Trivselshagen
Kulturhuset Huttigheita	Vassgople / Vassgopla
Kulturhuset Nye Soltun	Wicks basseng & kulturhus
Kulturhuset Soltun	Wickshuset

Administrative konsekvensar

Implementering av nytt namn vert gjort i samband med ferdigstilling av prosjektet.

Folkehelsekonsekvensar

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremmar ei befolkning si helse og trivsel. Eit målretta arbeid for å bygge identitet og tilhør vil ha positiv effekt på folkehelsa.

Økonomiske konsekvensar

Konsekvensar av val av namn inngår i drift av huset. Ei vidareutvikling retta mot satsing på kulturisme vil få økonomiske konsekvensar. Desse er ikkje berekna.

Jan Erik Hovdenak
Kommunalsjef drift og forvaltning

Gerd Marit Langøy
Kommunedirektør

Særutskrift

Vedlegg